

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 64/2005

Møtedato: 7.12.05

Arkiv nr:

Søknad om tilskot frå grunneigarfondet – Stegg Tjenester

Audun Støren har etablert eit firma som heiter "Stegg Tjenester". Dette er eit firma som skal drive friluftsbasert tenester i Vestre Slidre vestfjell. Han har vore tilsett på Nøsen fjellstue og har drive denne type aktivitet her. Søkjaren vil halde fram med å drive tenestene ut frå Nøsen Fjellstue.

Støren søker om kr 50.000 i tilskot frå grunneigarfondet. Forretningsplan og budsjett er lagt ved søknaden.

Fjellstyret skal gi uttale til søknaden før vidare saksgang i Statskog og NFS.

Vedtak:

Fjellstyret ser "Stegg Tjenester" som eit positivt tiltak for området og tilrår søknaden.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 8.12.05

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Stegg tjenester v/Audun Støren